



Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 17.11.2022
Tid: Kl. 18.30-21.20
Ord for dagen: Tom

Desse var tilstades i møtet:

Svein Lunde	leiar	Møtt
Wenche Andersen Helland	nestleiar	
Sigrid Marie Fangel	skrivar	
Tom Rydland	medlem	X
Anne Marie Røed	medlem	X
Herman Inge Aadland	medlem	X
Håkon Rydland Sæbø	medlem	
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	X
Olav J. Oma	sokneprest	X
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	
Jostein Skram	1. vara	
Karin Maria Korsvik	2. vara	
Magnor Tverderøy	3. vara	
Hilda Gloppen	4. vara	
Jan Ottar Wiik	5. vara	
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest	
Jan Overweg	kyrkjeverje	

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2022/58	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2022/59	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 22.09.2022	x
2022/60		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2022/61		Soknerådssval 2023 – oppnemning av nominasjonsnemnd	
2022/62		Gudstenesteliste for våren 2023	
2022/63		Stadfesting av nytt styre i Bakken barnehage	
2022/64		Lokale lønsforhandlingar	x
2022/65		Økonomirapport til 31. oktober	x

2022/66	Arbeid med HC-parkering	x
2022/67	Søknad frå Ten-treff	
2022/68	Meldingar / open post	

Sak 2022/58 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2022/65 Økonomirapport vert utsett til Jan kan vera med. (Vi ber om at den vert utsendt.)

Vedtak: Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2022/59 012.1 Referat frå sist møte

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 22.09.2022.

Sak 2022/60 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverja er ikkje til stades og soknepresten orienterer om arbeidet i soknet.

Orienteringa er lagt ved som eige vedlegg.

sak 2022/61 Soknerådsval 2023 – oppnemning av nominasjonsnemnd

Kyrkjevalet i 2023 skal heldast den 11. september 2023. Det første som må på plass er ein nominasjonskomité som skal koma med listeforslag med kandidatar til soknerådet. Det er soknerådet som nemner opp nominasjonskomiteen. Ein vil også kunna drøfta tal på medlemmer i komiteen. Det er viktig at dei som vert foreslått til nominasjonskomiteen har blitt spurt. AU har hittil forslag om Roald Drønen som leiar i nemnda.

Frist for at nominasjonskomité må vera på plass er 01.02.2023. Nominasjonskomité må levera listeforslag seinast 31.03.2023.

Vedtak:

Soknerådet utnemner desse til nominasjonsnemnd: Roald Drønen, Frøydis H. Almås, Helga Olsen Aadland, Hilde Karin V. Eiken, Gro Rydland. Desse er spurde og har sagt seg villige. **Nemnda konstituerar seg sjølv.**

Sak 2021/62 Gudstenesteliste for våren 2023 Gudstenesteplanen med takkofferliste for våren.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner gudstenesteplanen og takkofferliste for våren 2023 slik den er lagt fram i møtet.

Sak 2022/63 Stadfesting av av nytt styre i Bakken barnehage

Desse vart oppnemnd av soknerådet i møtet 23.09.2021. (Sak 2021/54): Tom Rydland, leiar – for 2 år, Erling Prestbø, medlem – for 1 år, Torunn Aarskog, medlem - for 1 år, Andreas Siglen, foreldrerepresentant – for 2 – år. Styret foreslår ingen endringar.

Tom orienterer om saka og arbeidet i styret i møtet.

Vedtak:

Erling Prestbø og Torunn Aarskog er spurde om å sitja i to år til, Andreas Siglen og Tom Rydland sit eit år til. Samrøystes vedteke.

Sak 2022/64 Lokale lønsforhandlingar

I årets tariffoppgjer vart dei sentrale partane einige om å avsetja 1% av den økonomiske ramma til lokale forhandlingar. På Fitjar er det soknerådet som står ansvarleg for gjennomføring av forhandlingane da dette ikkje formelt er delegert til andre. Det vanlege er at ansvaret vert delegert til eit forhandlingsutval. Dette kan vera leiar og dagleg leiar eventuelt fleire frå arbeidsutvalet. Kyrkjeverje orienterer vidare om prosessen og habilitet. Forhandlingane skal vera gjennomført innan 12.12.2022.

Vedtak:

Soknerådet delegerer ansvaret for gjennomføring av lokale lønsforhandlingar til eit forhandlingsutval. Utvalet er sett saman av soknerådsleiar, nestleiar og kyrkjeverja. Utvalet har mynde til å gjennomføra lønsforhandlingane for 2022.

Sak 2022/65 Økonomirapport til 31. oktober

Kyrkjeverje orienterer i møte om økonomien hittil i år.

Vedtak:

Denne saka vart utsett til neste møte. Fint om denne vert utsendt.

Sak 2022/66 Arbeidet med HC-parkering

Nemnd for bygg og anlegg kjem med tilråding i saka.

Tom orienterar. Eit godt arbeid er gjort der vi har snakka med kommunen om søknadsprosessen med tanke på HC-parkering.

Bygg og anlegg må laga ei enkel utlysing av entreprisen.

Viktig at desse parkeringsplassane primært vert nytta av dei som treng det.

Vedtak:

Soknerådet gir fullmakt til at nemnd for bygg og anlegg set prosjektet i gang.

Sak 2022/67 Søknad frå Ten-treff

Det har komme søknad om eit tilskot til Ten-treff. Søknaden vart lagt fram i møtet.

Vedtak:

Soknerådet vedtek at vi vil støtta Tentreff med det dei søker om, 30.000,-

Sak 2022/68 Meldingar / open post

- Orientering frå Bakken barnehage
Orientering frå barnehagen. Vi har god tilgong på born. Stabile tilsette, ingen avvik i tilsynsrapporten. Litt reduksjon i overskotet dette året.
Bakken barnehage er med og utreder ei sak frå KA om alle kyrkjelege barnehagar skal vera eigd av ein eigar. Dette er ei stor sak, der vår barnehage ventar på utspelet frå KA.

Det er sett i gang eit strategiarbeid i barnehagen. Medverknad frå foreldre, born og tilsette. Vi ynskjer framleis vera ein populær barnehage i Fitjar, og vi vil vera ein barnehage med utvida formålsparagraf, som no.

-
- • Løpemelding frå strategiutval, møte med leiarane for dei ulike hovedgruppene sist veke. Alle var til stades. No kan kvar av desse gå i gang med sitt arbeid. Viktig å få på plass ein kontaktperson i soknerådet for desse.
- • Orientering om status tilrettelegging for flyktningar frå Ukraina, dette vart gjort under orienteringa frå soknepresten.
- • Studiefri for Olav, har fått innvilga studiepermisjon neste år og må ta noko fri
- • Fleire meldingar v/ Anne Marie – m.a. glimt frå trusopplæringskonferansen, tek dette att neste gong.
- • Juleavslutning 8. desember. Peraløo bestilt. Kven skal vera med? Sjekk tidlegare praksis.
- • Medarbeidarfest 2023, AU ynskjer få dette i gang igjen på nyåret.
- Åse N etterlyser kva er gjort med dei som har flytta og vi skulle gi dei ei helsing.

Skrivar 17.11. kyrkjestova

Olav J. Oma